

NASJONAL RAMMEPLAN FOR VINDKRAFT

HØYRINGSSVAR FRÅ INNBYGGJARINITIATIVET MOT VINDKRAFT PÅ STAD I SELJE KOMMUNE

Vi er positive til at spørsmålet om plassering av landbaserte vindkraftanlegg, er sett under drøfting. I framlegget til rammeplan for vindkraft, registerer vi at det meste av Stadhalvøya er teke ut grunna område med høgt konfliktnivå. Dette samsvarar godt med dei faglege vurderingane som vart gjort av fylkesmannen i motsegn mot konsesjonssøknaden for Okla vindkraftverk på Stad. Både fylkesmannen og seinare Norsk Ornitologisk Foreining syner til slett handsaming gjennom mangelfulle og dels misvisande rapportar knytt til nemnde konsesjonssøknad. At det meste av Stadhalvøya no er utelete i utkastet til nasjonal rammeplan, er difor heilt i tråd med nemnde faglege vurderingar av konfliktnivå. Innbyggjarinitiativet meiner dessutan at *heile* Stadhalvøya må utelatast frå nasjonal rammeplan for vindkraft.

Det er imidlertid no uforståeleg for oss at ein konsesjon gjeven for mange år sidan, og der inngrep enno ikkje er gjort i slikt konfliktfylt område, likevel skal kunne la seg realisere!

Vi meiner difor at OED må syte for at dette vindkraftanlegget på Okla på Stad blir stogga!

Vedlegg:

1. Ei nyleg utarbeidd argumentliste for å gjere nye vurderingar av vindkraftutbygginga på Okla på Stad.
2. Ein ny rapport/kommentar frå Norsk Ornitologisk Foreining
3. Supplerande kommentar frå Ståle Sætre

Stadlandet 30.09.19

For innbyggjarinitiativet mot vindkraft på Stad

Bård Fløde

Selje kommune

6740 Selje

12. september 2019

Okla vindkraftverk – Innspel frå Norsk Ornitologisk Forening til kommunen si handsaming av klage på NVE si godkjenning av vidareført konsesjon etter endra byggeplanar.

Som representant for Norsk Ornitologisk Forening – NOF er undertteikna utfordra til å kome med innspel om det aktuelle utbyggingsområdet for Okla vindkraftverk i Selje med tanke på landskapet Stadt sin verdi for fugl, fuglelivet som del av området sin natur, og korleis dette er vurdert ved tidlegare konsesjonvedtak og no ved vidareføring av konsesjon med endra utbygging. Utgangspunktet for mine vurderingar er søknadsgrunnlaget for tidlegare og ny konsesjonshandsaming, med særleg vekt på det som er sagt om fuglelivet.

Samandrag:

Vi finn det naudsynt å peike på og meiner å kunne dokumentere vesentlege feil og manglar i KU-rapporten for Okla vindkraftverk, også når det gjeld kunnskap og erfaringsbakgrunn for forventa effekt av vindkraftverket så langt det gjeld biologisk mangfald og med hovudvekt på fugl. Vi vil særleg framheve:

- Det må vere vesentleg svikt i kunnskapsgrunnlaget, også i høve til eit KU-program som seier at «eksisterande kunnskap» skal leggst til grunn. Kontakten med regionale og lokale fagstyresmakter kan ikkje ha vore tilfredsstillande.
- Skildringa av fuglelivet i og kring det aktuelle området er ufullstendig, dels også feil og misvisande. Den har ikkje fått med dei viktigaste og mest verdifulle særdraga, spesielt at området merker seg ut med tanke på arts-utval og tal i høve til nærliggande område og på landsbasis.
- KU-rapporten evnar ikkje å fange opp det faktum at inngrepsfrie, samanhengande naturområde må verdsetjast høgt og at omsyn til slike område må ha høg prioritet som nasjonalt miljømål og i høve til internasjonale avtalar. Inngrepsfrie område har svært stor verdi for fleire raudlista fugleartar.
- Kategoriseringane for verdi- og konfliktvurdering kan ikkje vere i samsvar med kriteriegrunnlag og verdivurderingar som elles vert lagt til grunn for verdisetjing av natur generelt og samsvarar ikkje med vurderingar i ein del andre KU-rapportar.
- Bakgrunnskunnskap og referansegrunnlag for effektvurderingar er mangelfulle på vesentlege punkt, og vi saknar ny og oppdatert viten. Dette kombinert med fleire

mistydingar og direkte feilopplysningar fører etter vår meining til fleire feilslutningar med tanke på konsekvensvurderingar.

Ut frå dette er vår konklusjon som følgjer:

- 1. KU-rapporten oppfyller etter vår oppfatning ikkje KU-programmet slik det er gitt av NVE. Dette må i beste fall føre til krav om tilleggsutgreiingar og ny KU så langt det gjeld biologisk mangfald og fugl.***
- 2. Vi meiner å kunne dokumentere at Okla vindkraftverk til berøre eit naturområde av betydeleg større verdi enn det som kjem fram av KU-rapporten, spesielt vurdert ut frå området sin eigenart som del av Stadt-landskapet og ut frå betydning og funksjon for ei rekkje fugleartar, mellom dei mange raudlisteartar.***
- 3. Ut frå dette meiner vi at gitt konsesjon for Okla vindkraftverk må trekkast tilbake.***

Vurdering av KU-rapporten:

Det var Norconsult som stod for konsekvensvurderingane ved handsaming i 2013, og i samandraget om naturverdiar og konsekvensar er det lagt særleg vekt på rovfugl og der framheva bestandane av havørn og vandrefalk, men og at planområdet er «leveområde» for kongeørn. Samstundes er understreka at alle desse tre artane i 2015 vart tekne ut av den norske raudlista for truga fugleartar. Eit viktig poeng er likevel at havørn er norsk ansvarsart i ein internasjonal samanheng. For havørna er aktiviteten i planområdet nemnt som «flyr gjennom planområdet under forflytning fra et næringsområde til et annet». Planområdet er summarisk vurdert som ikkje viktig for raudlista rovfuglartar.

Det er vidare konstatert at det er eit omfattande fugletrekk forbi Stadt, men konkludert med at mesteparten av fuglane, særleg sjøfugl, trekker langs eller nær sjøen på vestsida av halvøya, men at det og er eit betydeleg trekk over halvøya lenger inne, særleg over Dragseidet, med sporvefugl som dominerande. Ut over dette er fuglefaunaen klassifisert som artsfattig og «alminnelig», med heipiplerke, steinskvett, heilo, ramn og lirype. Potensialet for funn av raudlista fugleartar er vurdert som lavt, sjølv om ein ikkje kan sjå bort frå at meir sjeldne artar kan dukke opp nær planområdet.

I samandraget er understreka at avstand frå planområdet til hekkelokalitetar for rovfugl er stor og at det er lite truleg at ei utbygging vil forstyrre desse lokalitetane. Det er forventa lågare kollisjonsrater enn for Smøla og Hitra, og for den einaste talrike raudlistearten, songlerke, er det venta ubetydeleg, negativ effekt av ei utbygging. Einaste art som er nemnt med fare for ein viss auka kollisjonsfrekvens, er lirype. I ei summarisk tabellframstilling er verdien av området vurdert som stor også i 2013, slik det var i vurderingane i 2005 og 2007, men for konsekvensar er graderinga redusert frå «stor negativ» i 2007 til «middels til lite negativ» i 2013, og med grunngjeving at verdien for rovfugl etter raudlistestatus var lågare i 2013 enn i 2005 og 2007. Ut frå dette er det vurdert som ikkje behov for avbøtande tiltak for

fugl, men rådd til ei etterundersøking etter utbygging. Det er god grunn til å stille ei rekkje spørsmålsteikn ved slik kortfatta og summarisk framstilling for naturverdiar og konsekvens.

Kunnskapsgrunnlaget:

I omtale av kunnskapsgrunnlag og feltundersøkingar er det sagt at det var mangelfull kunnskap om særleg enkelte av rovfuglartane. Det vart derfor gjennomført ei synfaring over tre dagar primo juni 2013, med tidspunkt valt for å få samanfall med høg forings-aktivitet etter klekking og såleis gje optimale sjansar for å kunne registrere dag-rovfuglar rundt tidlegare kjende rovfuglhekkeplassar. Arbeidet vart utført ved to personar i tre dagar i felt. Denne vurderinga åleine er meir enn nok til å konstatere at konsulentfirmaet ikkje kan ha hatt kompetanse/kunnskap nok til å gjere eit meningsfylt arbeid med tanke på kartlegging av rovfuglbestanden. Dei to ørneartane har ein hekkefrekvens og ei yngelpleie som gjer det lite sannsynleg å kunne registrere hekkeaktivitet på denne måten. Havørna har i snitt vellukka hekking annakvart år, kongeørna tredje kvart år, og begge har få ungar i reiret, havørna oftare ein enn to ungar, kongeørna vanlegvis berre ein unge, og første veka av juni er ungane framleis så små at matingsfrekvensen er låg. Vandrefalken har gjennomgåande høgare hekkesuksess, både i frekvens vellukka hekking, og med 2-4 ungar, men til gjengjeld jaktar han ofte så langt borte frå hekkeplassen at det er lite sjanse til å få oppleve slag på eit bytte, og ved inn-transport av bytte til reiret skjer overleveringa oftast så raskt at det er vanskeleg å registrere dersom ikkje ein har hatt høve til å følgje med fuglane på førehand. Ut frå det som er sagt i rapporten, ser det heller ikkje ut til at observatørane har registrert andre rovfuglar enn nokre få passeringar av havørn.

Norconsult har derfor til ei viss grad søkt kunnskap hos andre, først og fremst innafor det ornitologiske miljøet, bl.a. også underteikna og då først og fremst for havørn, etter som underteikna har overvaka havørnbestanden bl.a. på Stadt-halvøya sidan 1970-talet. Talet på territoriale havørnpar på nordre del av Stadthalvøya er i samsvar med det, men det kan konstaterast nokre fundamentale mistydingar. Det gjeld havørna sin ungeproduksjon, som er sagt å ligge mellom 0,62 og 1,36 ungar i snitt for året, medan det korrekte er at gjennomsnitt ungeproduksjon for alt som er bokført av hekkande havørn i perioden 1974-2013 var 0,62 ungar pr. par, og gjennomsnitts kullstorleik for vellukka hekking var 1,36 ungar flygedyktige. Viktigare for vurdering av kollisjonsfare er likevel framstillinga av korleis havørnene nyttar landskapet. Det er nok rett at det aller meste av det havørnene hentar av mat, hentar dei på sjøen eller i strandsona, men fødeopptak utgjer svært lite av havørna sin daglege aktivitet. Gjennom dagen har dei periodar då dei vandrar rundt i landskapet, har sine sitjepostar ofte på høgde og ryggar, og når det er gunstige luftstraumar, leitar dei opp gunstige terrengformasjonar, anten brotkantar med oppstigande luft, eller høgderyggar som gjev høve til energieffektiv segling på luftstraumane. Erfaringane frå Smøla viser at det nettopp er under slike ver-tilhøve at havørnene kolliderer med vindturbinane, gjerne når det elles er klar luft og godt lys. Det gjer nødvendigvis at plassering og utforming av Okla vindkraftverk slik det no ligg føre, er svært uheldig for havørner som passerer over Stadtlandet, eller kjem inn frå kringliggande hekkplassar for å ligge på luftstraumane over fjellplatået. Også kongeørna har periodar med tilsvarande flukt, og denne arten sin spesielle territoriemarkering, den såkalla «bølgjeflukta», der dei dansar opp og ned langs terrengformasjonar, gjerne høgderyggar, vil gjere dei sårbare for nettopp rekkjer av

vindturbinar langs terrengformasjonar. Med turbinhøgder på rundt 150 m vil propellane nokså effektivt dekke dei høgdene over bakken som kongeørnane vanlegvis dansar etter. Ut over dette er det aktuelle kongeørnparet på nordre del av Stadt-halvøya avhengig av planområdet på ein heilt annan og viktigare måte enn det som i KU-rapporten lett nøytralt er kalla «leveområde». Dette er ein viktig og jamt brukt del av jaktområdet for dette paret. Underteikna har sjølv sett dei fleire gonger krysse frå reirplassane i Morkadalen eller mot Hoddevika over fjellplatået og Okla mot Rivjehornet på søk etter potensielt bytte, for deretter å krysse strake vegen tilbake rett over det kartfesta planområdet. Det er ingen tvil om at dette kongeørnparet vil måtte vere i kontinuerleg fare for kollisjonar ved eventuell utbygging.

Norconsult har ei oppsummering av aktuelle rovfuglartar i planområdet, med ei vurdering av bestandssituasjon:

Havørn – «sterk bestandsvekst siste 30 åra». Bestandsauken starta like etter fredinga og har gått i meir enn 50 år. Auken er rundt fem-dobling på landsbasis.

Vandrefalk – «kraftig bestandsvekst». Rett nok, men langs kysten har bestanden gått markert tilbake dei siste åra, også på Stadt.

Hubro – «usikker bestandsutvikling». Heilt feil! Arten er i ein kritisk situasjon dei fleste områda i Norge, og særleg på Nordvestlandet. Dei gamle hekkelokalitetane på Stadt låg definitivt ikkje berre mot sjøen. Arten var framleis til stades på ein hekkelokalitet ganske nær planområdet for få år sidan.

Kongeørn – «for tida trolig bestandvekst i Norge og naboland». Dette er ikkje rett. Det er ingen haldepunkt for bestandsauke siste 15-20 åra, og dei siste 5 åra er det alt som tyder på bestandsnedgang.

Jaktfalk – «stabil bestand» i Norge og naboland». Det er heller ikkje rett. Bestanden er i nedgang og har hatt dårleg ungeproduksjon.

Hønsehauk – «rødlistekategori nedjustert». Arten blir rapportert å vere i bekymringsverdig nedgang over det meste av landet og vil truleg bli oppjustert på raudliste ved revisjon.

Fjellvåk – «stabil bestand». Slett ikkje rett i våre område. På 1970- og -80-talet var dette den vanlegaste rovfuglen på Stadtlandet og i tilgrensande kystområde. Dei seinare åra har arten langt på veg vore fråverande, også 2018 då det var eitt av dei største museåra i terrenget lang kysten her.

For å komplettere med andre rovfuglartar på Stadt-halvøya sjølv om dei ikkje er eller har vore på den norske raudlista, er dei viktige for å kunne forstå verdien av Stadtnaturen:

Tårnfalk – vanleg hekkefugl rundt heile halvøya, særleg i smånagarår.

Dvergfolk – nokså vanleg hekkefugl langs dei ytre delane av Stadt.

Jordugle – regelmessig hekkefugl i dei myrlendte lyngheiane og på platåa i Selje. I 2018 vart det påvist fleire flygedyktige ungekull langs heile den nordlege del av halvøya.

Hornugle – har vore påvist som hekkefugl på Stadt ei rekkje år, og i museåret 2018 vart det påvist mange utflogne ungekull. På nordlege del av Vestlandet står Stadtlandet i særstilling når det gjeld denne uglearten.

Det rike utvalet av rovfuglartar på Stadtlandet er eineståande på denne delen av kysten og jamført med det meste av landet elles. Det fortel om eit landskap med høg biologisk aktivitet og følgeleg eit teikn på ein natur i balanse. Dette er nokså eineståande i norsk natur i dag og også med tanke på meldingane om tap av artar og mangfald over store delar av verda. KU-utgreiinga for Okla vindkraftverk har ikkje evna å fange opp dette utgangspunktet. Det må registrerast som ein alvorleg svikt i grunnlaget for konsesjonssøknad og -handsaming.

Det finst og fleire andre artar som gjer Stadt-naturen til noko heilt spesielt på landsbasis og som set Norconsult sin rapport i eit lite flatterande lys:

Songsvane – første etablering av hekkande songsvane i på Nordvestlandet skjedde i Selje 1997-98. I åra etterpå har det bygt seg opp ein bestand både på Stadtlandet og tilgrensande fjellområde på sunnmørs-øyane og halvøyane på fastlandet. Norconsult har registrert eit par av arten nær planområdet, men vurderer ikkje dette inn i ein konsekvenssamanheng.

Klippedue – i Ervika har det vore ein grottekoloni i mange år, den einaste kjende i vårt land. Arten er registrert som utdøydd i vårt land frå siste halvdel av 1800-talet, og kva tid kolonien i Ervika dukka opp, er usikkert. Frå tid til anna har brevduer slått seg ned i denne kolonien, slik dei og gjer andre stader i klippedua sitt utbreiingsområde, men hovudpreget på kolonien har heile tida vore slik klippedua lever i koloniane på Vesterhavsøyane (Skottland og Færøyane).

Lyngskvett (dialektnamn), eller svartstrupe i bøkene – Stadt-halvøya har sidan arten vart påvist hekkande i vårt land på 1970-talet, vore eitt av dei viktigaste hekkeområda i vårt land, særleg langs nordsida av Morkadalen. Det er utruleg at Norconsult ikkje har kommentert denne arten.

Ringtrost – karakterart langs berglende ryggar langs heile halvøya, på mange måta rein særnorsk kystfugl.

Bergirisk – På mange måtar jamførbar med ringtrosten og er og ein særnorsk kystfugl.

Lappsporv – ein fjellfugl som så seint som på 1970-80-talet fanst hekkande i lause koloniar på kystfjellplatå frå Bremanger til Romsdalskysten, også på Stadtlandet. Arten har gått sterkt attende dei siste 30-40 åra, også i høgfjellet i Sør-Norge, og kor vidt den framleis kan hekke på Stadtlandet er usikkert, men til skilnad frå mange av dei andre lokalitetane på øyane langs

Mørrekysten, der attgroing har blokkert for denne arten, er det framleis intakte habitat som skulle passe lappsporven på Stadt.

Ut over dette er det naudsynt å sjå nærare på Norconsult si vurdering av trekkfugl som passerer Stadt-platået. Slik det er framstilt i KU-rapporten, får ein inntrykk av at trekket ikkje berører fjellplatåa på halvøya. Det er rett at trekket av ein del sjøfuglartar følgjer langs ytterkysten, men det gjeld først og fremst dei pelagisk orienterte artane. For dei andre er det alt som tyder på at hovudmengda kryssar over landtungene og over øy-fjella, openbert avhengig av vertilhøva. Nyare satelittmerkingar av grågås t.d. dokumenterer at også desse i stor grad går i høgde og kryssar over kystplatåa. Det er derfor naudsynt at vurdering av fugletrekket vert vurdert ut frå den mest oppdaterte kunnskapen og blir frigjort frå meir eller mindre frie vurderingar på skjønsmessig grunnlag, slik det synest gjort i KU-rapporten for Okla vindkraftverk.

Avslutningsvis finn vi det relevant å summere raudlista fugleartar som er aktuelle i/nær planområdet, saman med nokre som ikkje er raudlista, dei fleste ikkje nemnde i KU-rapporten, men er karakteristiske innslag i fuglefaunaen på Stadtlandet:

Havørn	LC
Fjellvåk	LC
Kongeørn	LC
Hønsehauk	NT
Jaktfalk	NT
Vandrefalk	LC
Lirype	NT
Myrrikse	EN
Vassrikse	VU
Vipe	EN
Storspove	VU
Småspove	LC
Tjuvjo	NT
Fiskemåse	NT
Krykkje	EN
Makrellterne	EN
Klippedue	NA
Hubro	EN
Jordugle	LC
Hornugle	LC
Gauk	NT
Songlerke	VU
Grashoppesongar	NT
Lyngskvett	EN
Bergirisk	NT
Lappsporv	VU

Vår sakshandsamar:



Alv Ottar Folkestad

Argument for å gjere nye vurderingar i saka om vindkraftutbygging på Okla

Landskap/natur/fugle- og dyreliv:

- Stad er ikkje med i den nye rammeplanen for vindkraftutbygging: det vil seie at området er så verdifullt og konfliktane så store, at utbygging ikkje er aktuelt. Kvifor då bygge på Stad NO?
- Grunngevinga til avslag til konsesjon på Hoddevikfjellet, var at anlegget vil bli brukt som "kile" inn i eit urørd område:
«Miljøverndepartementet tok fylkeskommunen si motsegn til følgje ved brev 05.04.2002. I vedtaksbrevet er det m.a. sagt følgjande: *Miljøverndepartementet vurderer det planlagte kraftverket på Stad som meget konfliktfylt i forhold til kulturminner, kulturmiljø og landskap/estetikk. Tiltaket vil fungere som en "kile" av tyngre tekniske inngrep inn i et nesten urørt kultur og naturlandskap av åpenbar nasjonal verdi. Miljøkonfliktene er så omfattende at departementet ikke finner å kunne stadfeste reguleringsplanen. Innsigelsen fra Sogn og Fjordane fylkeskommune tas til følge.*»
Okla er også et urørt område. Det planlagde vindkraftområdet ligg berre rett over Morkadalen i høve omtalte areal på Hoddevikfjellet. Miljøverndepartementet sine argument gjeld difor like mykje i området for Oklautbygginga.
- Stad har eit eineståande landskap, både når det gjeld geologi, vegetasjon, fugleliv og dyreliv. Har alt fleire verneområde: Naturreservat i Tungevågen, verna Dalsbøvassdrag, freding av orkidear i Ervika, Liset-Hoddevik er eit utvald kulturlandskap (berre 20 i landet). Omsynet til verneområda har ikkje blitt lagt vekt på i prosessen. I påklagen frå fylkesmannen (Tore Larsen) er det påpeika direkte misvisande vurderingar kva gjeld både landskapsvurderingar og konsekvensar for fulgleliv/fugletrekk.
- Det som særpregar fjellskapet på Stad, er dei enno tydelege platårestar av urgammalt sletteland. Terrengdekkande myr med innslag av svært sjeldne plantar og plantesamfunn ligg utover dei ytste utkantane av europeisk fastland. Granskingar av grunnen tyder på at her er nunatakområde, det vil seie landområde og toppar som har stått opp or isen gjennom siste istid. Såleis er både berggrunn, jordsmonn og planteliv av største interesse når det gjeld artsmangfald. Av til no observerte raudlistearter kan nemnast 17 ulike soppar, 14 lavartar, 24 slag karplantar og 2 moseartar. (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.) (For geologi sjå m.a. Eiliv Larsen og Oddvar Longva, om Stadlandet og Vågsøy, Universitetet i Bergen).
- På ytre delar av Stadhalvøya er det registrert 82 fuglearter, fleire av dei er raudlistearter, og enda er ikkje hubro rekna med i desse. (Norsk Ornitologisk forening). Det er ikkje lenge sidan hubroen var observert, og truleg finst han i området enno
- Ny kunnskap om fugle- og dyreliv, ørn og andre fuglar vert drepne i hopetal i andre vindkraftanlegg
- Miljødirektoratets rapport fra 2013, Kystlyngheiene i Norge : ...s. 43: «*I nord ligger Stadhalvøya som er et **unik** landskap på kysten av Vestlandet... denne halvøya bør gis en spesiell forvaltningsmessig status med en egen helhetlig handlingsplan hvor de ulike kulturlandskapene blir vurdert i sammenheng*».

- NVE har, trass i dette, konkludert med at dei synes samfunnsnyttene er større enn skaden. Det blir hovudsakleg tufta på ein rapport dei har fått laga hos Norconsult, som enkelt sagt finn at røyndomen er annleis enn røynda, det har dei sett ved å gå ein tur i marka. Når NVE uttalar at der det er ulikskap mellom eldre og ny sanning, er det opplagt at dei legg størst vekt på den nyaste, fordi den er nyare enn den gamle. Ikkje fordi den er rett, men fordi den er nyare. Dette er trist, det er ulogisk, det er uvitskapleg. Om den nyare «gransking» er det å seie at den er svært overflatisk, og den er til tider falsk. Det er all grunn til å gå gjennom på ny.
Ny rapport frå FN: Tapet av natur/ naturmangfald er ein minst like stor trussel mot menneskeheita som klimaendringane. I motsetning til klimaproblemet som er komplekst og omfattande, er tap av urørt natur enklare å gjere noko med. Det er berre å bestemme seg for å ikkje bygge ut i urørt natur. Vi syner her også til høyringsuttale frå Fylkesmannen om at 3/4 av INON området forsvinn med vindkraftutbygginga.
- Sidan eit av hovudargumenta for utbygginga har vore klimatiltak, vil det vere rimeleg å krevje eit klimarekneskap for heile prosjektet og alle fasane i det, inkludert fjerning av betongfundament, vegar osb.
- Stor motstand mellom grunneigarane

Naturfaglege referansar:

Formalisering av verdier (regjering og storting) siste åra:

- Handlingsplaner for utvalgte naturtyper, herunder blant annet Slåttemark, Kystlynghei, Naturbeitemark. (Sjekk Miljødirektoratet om dette)
- Verneplan for myr. (sjå Fylkesmannen)
- Utvalgte kulturlandskap: Hoddevik.-Liset var et av de 22 første som ble utvalgt. Totalt i Norge skal det bli 45. Status kan fratas områdene ved mislighold av verdier.
- I tillegg har vi to konvensjoner som Norge som nasjon er forpliktet av: Konvensjonen om biologisk mangfold og Landskapskonvensjonen!

FOU-arbeid som er gjennomført siste åra bl.a.:

- Austad, I. & Koller, A.L. 2009: Årdal i Selje. Skjøtelsesplan for kulturlandskapet. Delområde under nasjonalt, utvalgt kulturlandskap. Hoddevik – Liset. Høgskulen i Sogn og Fjordane, Rapport R-NR 06/09.
- Koller, A. 2010. Gården Årdal i Selje – en vegetasjonsøkologisk undersøkelse av kulturmark. Masteroppgave ved NMBU.
- Frøland, T. 2010. Sanddyner i Sogn og Fjordane. Økologi og forvaltning. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Miljøvern avdelingen. Rapport 2010. 2.
- Austad, I. & Hauge, L. 2010. Hoddevik i Selje. Skjøtelsesplan for kulturlandskapet. Delområde under nasjonalt utvalgt kulturlandskap Hoddevik – Liset. Høgskulen i Sogn og Fjordane, rapport R-NR 02/2010.
- Austad, I. & Hauge, L. 2015. Ytre Drage, indre og ytre Fure. Skjøtelsesplan for kulturlandskapet. Delområder under nasjonalt, utvalgt kulturlandskap- Hoddevik – Liset, Selje kommune, Sogn og Fjordane fylke. Høgskulen i Sogn og Fjordane, rapport R-NR 02/2015.
- Lundberg, A. & Frøland, T. 2016. Purpurhand *Dactylorhiza purpurella* i Noreg – utbreiing, økologi og tilstand. Blyttia 74 (3): 147-159.

- Austad, I., Hamre, L.N. & Rydgren, K. 2016. Ormetunge, brudespore og maria nøkleblom – en historie om kasteteiger og et nasjonalt kulturlandskap. Blyttia 74(3): 175 -190.
- Austad, I. 2018. FoU-prosjekt UKL-område Hoddevik – Liset, Selje kommune, Sogn og Fjordane fylke. Historie og kulturlandskapsverdier og skjøtelsesplan for kulturlandskapet på Liset. Historie og kulturlandskapsverdier på Skårbø. AustadLandskap.

Andre konsekvensar/grunngjevingar:

- Fylkesmannen har uttalt at avbøtande tiltak ikkje kan bli tilstrekkelige nok for skaden dette anlegget vil få for naturmangfald, kulturliv og andre næringar som er knytt spesielt til reiseliv og friluft i fri og unik natur. Med utkikkspunkt som vekker internasjonal interesse, legg områda til rette for musikkvideoar, naturdokumentarar, reklamefilmar osv. Dette anlegget kjem til å beslaglegge store visuelle område frå dei fleste, om ikkje alle, utkikkspunkt på Stad.
Ei slik utbygging vil påverke reiselivsnæring negativt i stor grad. Vi ynskjer å satse på berekraftig reiselivsutvikling: dette betyr at dei tilreisande vil bli her lengre og bevege seg i naturen. Eit industriltak i fjellandskapet vil vere særleg øydeleggjande for slik næringsutvikling. Inntekspotensialet i eit urørd landskap vil vere mange gongar så stort som inntektene av det planlagde vindkraftanlegget. Vindkraftanlegget på Okla vil vere godt synleg frå heile Stad, og alle turruter vert påverka negativt. Det visuelle frå sjøsida vert også lite flatterande reklame i høve store turistskip/hurtigruta som køyrer forbi. Eit stort pluss vil det kunne vere å profilere den urørte naturen, når store deler kysten blir berørt av vindturbinar.
- Anlegget er i konflikt med kulturarven i Selje kommune. Dette kjem ettertrykkeleg fram i alle høyringsrunder, og vert spesielt nemnt av Fylkesmann, Riksantikvar og Miljødirektoratet allereie i 2013. Industrianlegget er også i sterk kollisjonskurs med kommunens eigen kommunedelplan for kulturarven i Selje kommune 2019-2029.
- Det er ikkje behov for meir vindkraft: opprusting av eksisterande vasskraftanlegg kan gje meir kraft enn summen av all planlagd vindkraft. I dette tilfelle er det dessutan snakk om maksimal øydelegging av landskap for eit minimalt kraftutbyte!
- Informasjonen om konsekvensar som vart gjeven i samband med søknaden, var svært mangelfull og dels misvisande (jf. visualisering og formuleringar som vart nytta). Ein sit i dag med langt større innsikt og kunnskap om konsekvensar av landbaserte vindkraftutbyggingar generelt, og om konsekvensane av denne planlagde utbygginga på Stad spesielt.
- Ny forskning om uheldige verknadar av flimmer, lys, lyd.
- Initiativ på landsplan for å leggje all vidare utbygging på is, også det som har fått konsesjon. Dei som står bak, er Den norske turistforening, Naturvernforbundet og Norges jeger og fiskeforbund. Dei ber regjeringa om dette, det vil også gjelde Okla.

Prosessar i saka som ein bør sjå nærmare på:

- At der ikkje har vore fleire på banen i høyringsrundar, gjev grunn til å tru at informasjon er halden attende. Rettmessige partar har ikkje fått innsyn, eller informasjon om å innsynsretten sin.

Anlegget liknar ikkje det som vart sendt på høyring i 2007, endringar i MTA omtalar arealbruk som ikkje er godkjend av, eller har rettskraftige avtalar med grunneigarar, og vilkår er svært vanskelige å oppfylle. Endringar i planane har vore skjulte og underkommuniserte då til dømes data på turbinar kjem ikkje tydelig fram før siste endring, fordi endringa på papiret tilsynelatande er et avbøtande tiltak. Det tiltakshavar ikkje nemner er at tal turbinar må reduserast for ikkje å overskride lovleg installert effekt på 21 MW.

- Ved tilbaketrekking av rammeplan i 2011, burde det, slik fylkeskommunen etterspør, vore sett i gong ein prosess som skulle ha vurdert konsesjonen som ein ny konsesjonssøknad: dette synes ikkje å ha skjedd.
- Støy er kraftig undervurdert, og eit medlem i Selje Formannskap uttalte i FS-møte 13.08.19 at formannskapet har fått informasjon frå utbyggjar om at det ikkje ville bli støy knytt til vindturbinane. Med blick til mellom andre Danmark og Tyskland, er det no "NO GO" å sette opp vindturbinar nærare enn 3,5 km frå husstandar på grunn av lydforureining og helseskadeleg inflytning. Lokalbefolkning som bur inntil to kilometer frå næraste turbin, har vorte lova at anlegget ikkje vil påverke dei, dette er villeiing av lokalmiljøet, og råkar grunneigarar då tiltakshavar føreheld seg til krav som ikkje er egna for å vise heile sanninga.
- Planendringssøknaden som vart sendt til høyring frå NVE i brev av 09.05.2019 med høyringsfrist 24.05.2019 (utsett til 07.06.2019) vart ikkje førelagt formannskap eller kommunestyre i Selje kommune. Dette står i skarp kontrast til NVE sine føringar i godkjenningar av konsesjonen. Orda «Okla» eller «vindkraft» er ikkje nemnt i protokollar eller møtebøker for kommunestyret i Selje i 2017 og 2018.
- Formannskapet si sakshandsaming kring regulering av områda, gjev grunn til å stille spørsmål: I følge dokument hjå Fylkeskommunen, vart møte om Selje kommune sin arealdel for land i kommuneplan hjå fylkeskommunen avlyst (16.03.2016), og ikkje haldt seinare. Hadde dette møtet vore halde, hadde det kanskje blitt oppdaga at kommunen sin arealplan har manglar i høve å gjere MTA for 2017, muleg å gjennomføre. Det kjem også fram at formannskapet jobbar for ei utviding av anlegget mot grunneigarar sine interesser.
- Konsesjonær hadde i 2016 problem med finansiering, og starta prosess for å selje prosjektet. I følge Energilovforskrift §3.5 skal det i slike tilfelle søkjast om nedlegging. Er prosessen her i tråd med gjeldande lovverk?
- I brev frå NVE av 24.06.19 står det på side 6: «*NVE opplyser om at det ikke er utført eierskifte, men kun navneskifte*». Noverande eigar er Falck Renewables: er det då ikkje eit eigarskifte? Er lovlegheita i eigarskifte i tråd med konsesjonen som vart gjeven?
- MTA av 2017 fråvik gjeven konsesjon i 2013: 50% større turbintype, og at dei vart endra frå E-70 til V-112 utan at dette vert kommunisert i høyringsmøte eller i MTA -- slik endringane i turbintype vart løfta fram i endringar av 2019 der V-117 vart marginalt mindre enn V-112, men har likevel 5 meter større diameter på rotor. Det vart ikkje kalkulert for ny visuell influens. Auke i influens på kulturminne og naturmangfald vart underkommunisert av tiltakshavar i fagleg mangelfulle vurderingar.
- I OED sitt avslag på klage på konsesjon i 2015, blir det hevda at fordelane er klart større enn ulempene -- *utan* at dette er gjort reie for.

- 03.10.2018 (Arkiv FE 033, JournalpostID: 18/5255, Saksnr 151/18) stiller Selje kommune seg positiv i ei høyringsuttale om muleg utviding av Okla. Grunngevinga er at anlegget som har konsesjon, og slik det er planlagt, at lønsemda i prosjektet ikkje forsvarer dei store naturinngrepa:

"Ordførar sitt framlegg til vedtak: Selje kommune støttar som hovedpunkt forslaget til analysekart for Selje der det ikkje gjev rom for nye vindmølleprosjekt i kommunen. *Som unntak for vårt hovudsyn meiner Selje kommune at Okla vindpark kan få eit større område til å ekspandere med fleire vindmøller for å gjere prosjektet meir lønsamt og for å forsvare dei store naturinngrepa som vil verte gjort.*"

Dette er ei sak og ein argumentasjon ordfører må ha blitt forelagd av utbyggjar, som blir presentert og vedteken utan innvendingar eller krav. Det vil sei, når konsesjonen først er gitt og planane er lagde, verker det som om det er fritt fram!?

- Det er ikkje teke omsyn til viktige kulturminne i Ervik. Grunneigarar og innbyggjarar i Ervik vil bli mest direkte ramma av tiltaket, men er ikkje tekne med som høyringspart av NVE. Konsesjonssøknaden og planlegginga fokuserer mest på kulturminne som ikkje blir berørde, men utelet dei som *blir* berørde. Grunneigarlaget har sendt inn klage til Selje kommune, NVE og OED.
- Korleis er kommunen si rolle vurdert med tanke på at kommunen har vore i ein pressa økonomisk situasjon over tid – med sterke eigarinteresser i SFE – samstundes som kommunen skal forvalte andre samfunnsinteresser som naturvern og anna næringsutvikling?
- Har utbyggjar, NVE og kommune teke med dei samla omkostnadar med å bygge i eit so konfliktfylt område: omdømetap, kundetap, verditap på eigedomar, klagehandsamingar, politisk støy, muleg fråflytting/mindre tilflytting, mindre etableraraktivitet på sikt, færre etableringar og investeringar innan reiseliv, fysiske og psykiske helseproblem m.fl. ?

I Selje formannskap sitt vedtak i innbyggjarinitiativet (FS100/19) punkt 4, uttrykkjer formannskapet brått eit ynskje om å få økonomisk oversikt: no når stogging av prosjektet kan innebere ein negativ effekt for kommuneøkonomien sjølv. Men kva gjeld tiltaket sine negative effektar på andre samfunnsområde og naturen ved gjennomføring av prosjektet, har ikkje formannskapet teke seg bryet med å få utgreidd.

Det bør krevjast eit økonomisk rekneskap for heile prosjektet.

- Førespørgja anleggsstart var forventa i utgangen av 2009, og anlegget skulle bidra til å nå Norge sine fornybarmål i 2016. Med lovnadar om gode økonomiske ringverknadar til kommunen, og liten influens på dyre, fugleliv, kultur og reiseliv generelt, er dette prosjektet fortsatt undervegs, sjølv om saka er trenert i 10 år, og dei økonomiske ringverknadane har ramla vekk.
- Naturen og kulturminne har så langt i saka ikkje vore tillagd nokon eigenverdi, men blitt handsama som mulege hindringar for gjennomføring av vindkraftutbygginga. Det er oppsiktsvekkande at eit selskap som i stor grad er eigd av det offentlege, har utvist so manglande dømmekraft og fråver av samfunnsansvar. Og når alt det formelle er på plass, blir majoriteten av selskapet, og dermed kontrollen, seld ut av landet!
- NVE/OED handsamar konsesjon, Kvar har dei andre departementa vore i prosessen? Spesielt Klima og miljø, som er eigar av Riksantikvaren og Miljødirektoratet. Ola Elvestuen har på generelt grunnlag uttalt i seinare tid at det finst heilt klart

vindkraftprosjekt som ikkje skulle ha hatt konsesjon. Vi meiner vi har gode argument for at Okla definitivt er eitt av desse!

- Avtalen mellom utbyggjar og Selje kommune av 23.06.2016: 1. Kvifor er dette ei «samarbeidsavtale»- er det vanleg at kommunen inngår *samarbeidsavtalar* med utbyggjarar?: 2. Bør det settast spørsmålsteikn ved måten kompensasjon til Selje kommune blir rekna ut? 3. Med tanke på at Vestavind Kraft AS selde prosjektet kun eitt år etter avtalen var godkjend, korleis kunne punkt 3 om fri overdraging bli vedteke?
- Arealet for siste val av vegtrasé er ikkje regulert til vindkraftutbygging av Selje kommune. Dette arealet er NLF-område, og det er heller ikkje søkt naudsynt dispensasjon for dette arealet. Vegbygging kan difor ikkje oppstartast før slik dispensasjon/ regulering føreligg.

Oppsummerande døme på konflikthar/brot i høve konsesjonen:

- Konsesjonen er i konflikt med Fylkeskommunal plan for vindkraft 2011
- Konsesjonen er i konflikt med Nasjonale mål for miljø og kultur
- Konsesjonen er i konflikt med FN's klimapanel sine rapportar om klima og natur.
- Konsesjonen er i konflikt med Kommunedelplan for kulturarven 2019-2029
- Konsesjonen er i konflikt med Nasjonal ramme for Vindkraft
- Konsesjonen er i konflikt med Norges Internasjonale ansvar for bevaring av Havørn
- Konsesjonen er i konflikt med store delar av Stadlandet sine INON-soner
- Konsesjonen er i konflikt med langt fleire kulturminneplassar enn det vert lagt til grunn i dokument i saka.
- Konsesjonen er i konflikt med raudlista artar
- Konsesjonen er i konflikt med Breidemyra som vart anbefalt freda i 1985
- Konsesjonen er i konflikt med nedfallsfelt til drikkevatn.
- Konsesjonen er i konflikt med freda vassdrag på grunn av mineraltilføring i nedfallsfelt
- Konsesjonen er i konflikt med lokalbefolkninga
- Konsesjonen vil utløyse arkeologiske utgravningar ovanfor Kristianura
- Konsesjonen ligg i område med Høgt til svært høgt konfliktnivå

Heile saksgangen ber preg av å kun vektlegge to ting: økonomi og bidrag til målet om å produsere meir fornybar energi. Naturvern og omsynet til andre interesser er totalt sett til side. Kan ein gjere dette, sånn utan vidare: sette til side andre statlege og regionale føringar?

I kva grad har kontrollutvalet i Selje vore involvert i prosessen?

Stad september 2019

Innbyggjarinitiativet mot vindkraftutbygging på Stad

Nokre kommentarar ang. fugl og fugletrekk på Stadlandet i samband med planlagt utbygging av Okla Vindkraftverk. Tenkt som støtte/tillegg til NOF's kommentar ved Alv Ottar Folkestad. Notatet er i hovudsak basert på eigne erfaringar med fuglelivet på Stad dei siste 20 åra.

Fuglelivet i det aktuelle området er i realiteten ikkje undersøkt.

Om det stemmer at vurdering av fuglelivet i området er basert på observasjonar 3 dagar primo juni 2013, så har disse undersøkelane liten eller ingen verdi. Ein del fugleartar kan i stor grad vere fråverande i fleire år for så å hekke i betydeleg antal når næringstilgangen er god. Her kan jordugle og hornugle trekkast fram, disse to artane er rimeleg avhengig av god tilgang til smågnagarar i eit området for å gå til hekking og få fram ungar. 2018 var eit slikt godt år for disse to artane. 10-11 par med hornugle vart påvist hekkande på Stadlandet, ellers på NV-landet må arten seiast å vere sjeldan. Sjå vedlagt kart kopiert frå Artsobservasjoner.no (nederst på vedlegget) med innplotta hekkelokalitetar for hornugle på NV-landet, kartet viser kor viktig Stadlandet er for arten i distriktet. Også jordugle var vanleg i området dette året med fleire hekkande par.

Svartstrupe.

At Norconsult ikkje nemner raudlistearten svartstrupe (også kalt lyngskvett) i sin rapport er vanskeleg å forstå, det er rimeleg godt kjent i fuglefolkkretser at ein betydeleg andel av den svært beskjedne norske hekkebestand er påvist på Stadlandet. Totalt vert det i Norge for tida påvist rundt 10 hekkande par årlig. Svartstrupa er knytta til opent terreng i hekketida. Legg ved kart kopiert frå Artsobservasjoner.no med innplotta registrerte hekkelokalitetar på NV-landet, fleire av lokalitetane er brukt over fleire år (øverst på vedlegg). Med forholdvis mildt vinterklima er Stadlandet også ein av få stadane i Norge der svartstrupa overvintrar regelmessig.

Kort om fugletrekket på Stad.

Det er registrert betydelege mengder fugl som trekker forbi Stad, best undersøkt er trekket langs kysten på NV-sida av halvøya. På gode dagar er det notert opptil ca. 10.000 kvitkinngås, ca. 1000 smålom, ca. 2000 havsule, ca. 15.000 krykkje osv. Når fuglane om hausten kjem langs kysten frå NA, frå Mørkekysten, vert dei ofte møtt av betydeleg vindøkning utanfor Stad. Det er fleire gongar observert at når fuglane møter ein stiv- til sterk kuling frå SV, stopper trekket delvis opp over havet og flokkar med bl.a. kvitkinngås og

storskarv trekker innover land. Dette vèrskille ytterst på Stad påvirkar den vidare trekkruta til fleire artar, det er nok meir energisparande å flyge i mindre motvind over land lenger inne. Det er gjerne under slike urolige vèrforhold det vert observert store antal rastand gjess, ender og vadefugl på Stadlandet.

Trekket som går langs kysten på utsida av Stad er studert og dokumentert over mange år. Noko som er litt overraskande er at grasender (brunnakke, krikand, stokkand...) og grågås er sett i svært lite antal. Dette kan indikere at majoriteten av disse trekker over land lenger inne.

Det vert alt for enkelt å konkludere med at fugletrekket i hovudsak går på utsida av Stad samt over Dragseidet. Trekkaktiviteten, ruteval og høgd over bakken, er i stor grad avhengig av vèrforholda. Trekket pågår også over Stadlandet om natta, spesielt på stille haustkveldar kan ein høyre trekkande trostar i betydeleg antal over det meste av halvøya.

241 fugleartar registrert i Selje kommune.

Det forholdvis milde vinterklimaet på Stadlandet gjer at fuglelivet er artsrikt også vinterstid. Fleire artar trekker frå innlande og utover halvøya i vinterhalvåret, som f.eks. unge hønsehaukar og truleg også unge kongeørner. Andre artar overvintrar etter å ha kryssa store havområder, f.eks. islom. Artar som i stor grad vert rekna som trekkfuglar, som tårnfalk, rugde, enkeltbekkasin, stare og snøsporv, overvintrar regelmessig på Stad.

I Selje kommune er det registrert heile 241 fugleartar, i Sogn og Fjordane er det berre i Askvoll kommune det er registrert fleire, 245 artar.

Nokre raudlista artar.

Nokre raudlisteartar som er registrert på Stadlandet i tillegg til dei Alv Ottar Folkestad nemner. Fleire raudlisteartar som er knytta til saltvatn/hav, som ærfugl, alkefuglar, havhest og stormsvale, tek eg ikkje med på denne lista.

Gulnebbblom (NT): Regelmessig i trekktida vår og haust, opptil 23 ind. notert på ein dag. Enkelte vinterfunn.

Sædgås (VU): Vert sett uregelmessig, vesentlig vinterstid. Oftast i grupper, opptil 10 ind.

Knekkand (EN): Eit par sett i Ervik.

Snadderand (NT): Nokre få funn vår og haust.


Stjertand (VU): Nokre haustfunn.


Skjeand (NT): Haustfunn i Ervik.

Sjørørre (VU): Vanleg i trekktida vår/haust. Fåtalig og vinteren.

Svartand (NT): Vanleg nærmast året rundt, men mest talrik i trekktida vår/haust.

- Havelle: (NT): Vanleg i trekktida vår/haust. Overvintrar i varierende antal.
- Vaktel (NT): Vert observert nærmast årleg i varierende antal. Truleg hekkefugl.
- Åkerrikse (CR): Har hatt ein dramatisk tilbakegang, sist registrert på Stad i 2012. Dei fleste av dei få observerte fuglane på NV-landet dei siste åra er sett i ytre strøk.
- Sothøne (VU): 2 funn på Ytre Stad.
- Svarthalespove(EN): Fleire funn tidleg på hausten (august-september).
- Fiskeørn (NT): Tilfeldig sett i Morkadalen.
- Myrhauk (EN): Regelmessig i lite antal i trekktida vår og haust.
- Gauk (NT): Vanleg, men ikkje talrik. Vert sett frå fjøre til fjell på Stadlandet.
- Hauksongar (CR): Regelmessig om hausten (august – oktober).
- Hortulan (CR): Tilfeldig sett i Årvik.
- Gulspurv (NT): Usikker hekkestatus. Relativt vanleg under hausttrekket.
- Dvergspurv (VU): Fleire haustfunn, er truleg innom Stadlandet årlig.
- Sivspurv (NT): Hekka tidlegare på egna lokalitetar på Stadlandet, no usikker hekkestatus. Vanleg i trekktidene, spesielt om hausten.





Ståle Sætre